

FOLKEHØGSKOLERÅDET

Norsk Folkehøgskolelag (NF) • Noregs Kristelige Folkehøgskolelag

Folkehøgskolene
Folkehøgskoleorganisasjonene
Folkehøgskolebladene

J.nr. 189/0017/C.5.09
FHSR-rundskriv 22/00
Oslo 20.09.00

Kapittel 3 i forskriftene

Skolene er kjent med at kapittel tre i forskriftene er til revisjon. Høringsdokumentet er sendt ut fra KUF i sommer til høringsinstanser, bl.a. Folkehøgskolerådet. Rådet vurderte, i samarbeid med organisasjonene, at dokumentet ikke ble sendt ut til skolene til høring i og med den grundige høringsrunden overfor skolene tidligere i prosessen. Høringsdokumentet ligger ved denne sendingen.

På bakgrunn av notater fra NF og NKF utarbeidet Folkehøgskolerådet et høringsnotat som ble sendt til KUF 15. august – se vedlegg.

På fellesmøte mellom KUF og Rådet 12. september ble Rådets merknader gjennomgått og drøftet. KUF opplyste på samme møte at de reviderte forskriftene vil bli sendt ut til skolene i løpet av oktober.

Leon Haugsbø /s/
leder

Odd Arild Netland /s/
sekretær

Vedlegg: Høringsdokument fra KUF
Høringsnotat fra FHSR

Kapittel 3. Kursordningar, elevteljing og skoleår

(med omrekningstabell som vedlegg)

3.1 Arbeidet for undervisningspersonalet i folkehøgskolen

utgjer ein heilskap, men er administrativt og praktisk delt mellom:

- Undervisning
- Sosialpedagogisk arbeid
- Pedagogisk planleggings- og utviklingsarbeid

3.1.1 Undervisning kan m.a. omfatte formidling av kunnskap, rettleiing til fordjuping og utvikling - teoretisk og praktisk, inspirasjon til sjølvstendig arbeid, nytenking og kritisk vurderande haldning.

3.1.2 Det sosialpedagogiske arbeidet har som mål å samordne det sosiale miljøet og undervisningssituasjonen i høve til skolen si totale målsetjing. Gjennom deltaking og ansvar skal det fremje fellesskap, stimulere til personleg vekst og utvikling, og utvikle evne til å leve saman og arbeide saman.

3.1.3 Pedagogisk utviklingsarbeid er ein vedvarande prosess med analyse, drøfting, vurdering, planlegging og vidareutvikling av program, arbeidsmål og arbeidsmåtar, sett i høve til verdigrunnlag og samfunnsbehov.

3.1.4 Til særlege prosjekt og tiltak kan ein skole omrekne frå undervisningstimar til arbeidstid for pedagogisk utviklingsarbeid, sosialpedagogisk arbeid og administrasjon.

3.1.5 Fordelinga av dei samla lærarressursane til undervisning, sosialpedagogisk arbeid og pedagogisk planleggings- og utviklingsarbeid, skjer etter vurdering i lærarråd, og skal godkjennast av styret.

3.1.6 To dagar av nettodagane (jf. omrekningstabell) i skoleåret kan brukast til distriktsmøte for lærarane, og 3 dagar til pedagogisk planleggingsarbeid. Desse dagane kan ikkje leggjast til skoledagar då elevane har undervisning.

3.2 Organisering av undervisninga

3.2.1 Ein skoledag skal normalt ha minst 4 skoletimar, dvs. planlagt undervisning som svarar til minst 4 skoletimar. På kurs som varer 4 veker eller meir, vert åpningsdag og avslutningsdag rekna som skoledag.

3.2.2 Ei skoleveke skal normalt ha minst 24 timar, dvs. at kvar elev skal ha eit undervisningsprogram på minst 24 timar. På ekskursjonar, skoleturar o.l. kan skoledag og skoleveke organiserast på annan måte.

3.2.3 Ei skoleveke skal normalt ha 6 undervisningsdagar. På kurs som varer 4 veker eller lengre, kan det leggjast inn ein fridag for kvar 4. veke (jf. omrekningstabell.)

3.3 Organisering av kurs

Kurs på 16 1/2 veke og lengre er langkurs (halvårskurs og årskurs), andre er kortkurs (frå 3 dagar til 16 veker). Kvart kurs skal vere sjølvstendig organisert med eigen plan, og kan ikkje vere del av eit anna kurs eller arrangement. For organisering av kurs gjeld følgjande reglar:

3.3.1 Eit årskurs er på 33 veker med brutto 198 skoledagar. Eit halvårskurs er på 16 1/2 veke med brutto 99 skoledagar. (For netttotal på skoledagane, sjå omrekningstabell.)

3.3.2 Kortaste kurs er på 12 timar og minste timetall per dag 2 timar. Kurs kan delast opp i mindre delar og gå over lengre tid. For kurs med mindre enn 4 timar per dag, blir kursdagtalet rekna i høve til 4 timar jf 3.2.1 og 3.4.4.

3.3.3 Kurs eller delar av kurs kan arrangerast andre stader enn på skolen. For kurs som har reising som ein del av opplegget, må kurset, utanom sjølve reisa, ha ein forsvarleg del til førebuing og etterarbeid lagt til skolen.

3.3.4 På alle kurs som skolen skipar til, eventuelt og i samarbeid med andre, har skolen det praktiske og pedagogiske ansvaret. Kvar skole må ha fast tilsette lærarar som kan sikre at krava i punkt 3.1 blir oppfylde. På kortkurs skal skolen sine egne lærarar eller lærarar ved andre nordiske folkehøgskolar på årsbasis i gjennomsnitt ha minst 35 % av undervisninga.

3.4 Rekning av elevar og elevtal

3.4.1 For internat- og elevkapasitet og teljing av elevar får kvar skole av departementet fastsett ein maksimal internatkapasitet og eit maksimaltal på årselevar. Internatkapasiteten vert fastsett ut frå godkjent romprogram. Det maksimale elevtalet vert til vanleg sett til internatkapasiteten pluss 20 %.

3.4.2 Departementet fastset reglar for rekning av talet på tilskottselevar.

3.4.3 Eit einskildkurs kan ikkje ha fleire elevar enn internatkapasiteten pluss 20 %.

3.4.4 Kurselevar vert rekna om til årselevar etter omrekningstabell. Elevar som er med i fleire påfølgjande kortkurs vert rekna etter samla kurslengd. Ein elev kan berre telje med på eitt kurs om gongen.

3.4.5 Minst 50 % av godkjende tilskottselevar skal til vanleg kome frå kurs som varer 16 1/2 veke eller lengre.

3.4.6 Som elev på langkurs (16 1/2 veke eller lengre) vert rekna dei som er elevar 1. oktober og 1. februar.

3.4.7 Som elev på kortkurs vert rekna dei som har vore med på minst 75 % av kurset.

3.4.8 Elevar som ikkje er med i fullt kursprogram (deltidselevar) vert rekna med i elevtalet i høve til eit veketimetall på 24. Dette gjeld berre for kurs på 16 1/2 veke eller lengre.

3.4.9 Minst 60 % av deltakarane på eit kurs må vere busett i Noreg. For elevar frå EØS-land, Baltikum og Nordvest-Russland gjeld egne reglar og avtalar. For utdanningssøkjande utanlandske elevar kan departementet gje egne reglar.

3.4.10 Kurs som vert avlyst gjev ikkje grunnlag for tilskott. Kurs som vert avbrote, tel med etter den tida det faktisk varte.

3.5 Elevar som tel dobbelt

3.5.1 Funksjonshemma elev vert rekna som to elevar. Det er ein føresetnad at ein treng støtte og hjelp i den totale pedagogiske situasjonen. Dei auka ressursane kan brukast til ulike tiltak, men må i alle høve kome den/dei det gjeld til gode. Dokumentasjon av funksjonshemminga, som skal vere anonym, og opplysningar om korleis dei ekstra ressursane vert nytta, skal leggjast ved kursrapporten.

Funksjonshemminga kan vere

- a) fysisk
- b) psykisk
- c) sosial
- d) språkleg

Til a) reknar ein blinde, svaksynte, hørselsskadde, døve, rørslehemma og andre med dokumentert medisinsk funksjonshemming, til b) psykisk utviklingshemma og andre med dokumentert psykisk funksjonshemming, til c) elevar med dokumentert sosiale problem som alkohol- og narkotikaproblem, tidlegare fengsla og andre med dokumentert sosial funksjonshemming og til d) elevar med dokumenterte lese- og skrivevanskar (t.d. dysleksi)

3.5.2 Elevar som høyrer til norske språklege minoritetar vert rekna som to elevar. Desse elevane kan og reknast som to elevar i høve til funksjonshemming, og i alt telje som fire i høve til tilskott.

3.5.3 Maksimalt 50 % av elevane på eit kurs kan på grunnlag av 3.5 reknast som to elevar.

FOLKEHØGSKOLERÅDET

Norsk Folkehøgskolelag (NF) • Noregs Kristelege Folkehøgskolelag

Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo

J.nr. [170/00/C.1.09](#)

Oslo 15. august 2000

Forskrift om folkehøgskolen – endringer i kap 3 - Høyringsnotat

Folkehøgskolerådet viser til endringsforslaget i "*Forskrift om folkehøgskolen – endringer i kap. 3*".

Høyringsutkastet har vore handsama av Norsk Folkehøgskolelag og Noregs Kristelege Folkehøgskolelag.

Folkehøgskolerådet stør hovudtrekka i den forenklinga som er gjort og er jamt over godt nøgd med utkastet. Endringane i kortkursreglane gir skolane større fleksibilitet når det gjeld å kunne møte utfordringane framover, ikkje minst når det gjeld kompetansereforma og tilbod til vaksne elevar. Rådet er også glad for at reine tariffavtaleforhold er løfta ut av forskriftene.

Sett i lys av at det er oppnemnt eit offentleg utval til å gjennomgå mellom anna heile regelverket for skoleslaget, reknar vi med at ein kan kome attende også til dette kapitlet når ein ser innstillinga frå utvalet som ein heilskap.

Folkehøgskolerådet gjer framlegg om endringar i høve til høyringsutkastet for dei fire punkta nedanfor:

- 3.1.6 Fem dagar av nettodagane (jf. omrekningstabell) i skoleåret kan brukast til distriktsmøte og pedagogisk planleggingsarbeid for lærarane. Desse dagane kan ikkje leggjast til skoledagar då elevane har undervisning.

Grunngjeving:

Delinga to dagar til distriktsmøte og tre dagar til pedagogisk planlegging høver ikkje like godt for alle. Det er i dag ulik praksis når det gjeld bruk av desse fem dagane. Skolar med tradisjon for ein dag til distriktsmøte har etter søknad til departementet fått dispensasjon for å ha fire lokale planleggingsdagar. Andre skolar har i lang tid nytta 3 dagar til distriktsmøte og 2 dagar til planlegging. Punktet bør derfor ha ei meir open formulering, slik at det blir opp til distrikta og skolane å fordele dagane mellom distriktsmøte og planlegging.

3.3.3 *Kurs eller delar av kurs kan arrangerast andre stader enn på skolen. For kurs som har reising som ein vesentleg del av opplegget, er det viktig at det blir sett inn i ein forsvarleg pedagogisk samanheng med tid til grundig førebuing.*

Grunngjeving:

Reisekursa må stå i ein god pedagogisk samanheng og førebuing er viktig. På kortkursa har det vist seg vanskeleg å få til etterarbeid. Rådet vel derfor å poengtere den pedagogiske delen og førebuinga. Med krav om førebuing og etterarbeid for "reisekurs" lagt til skolen, kjem punktet i strid med seg sjølv. Rådet ser ingen god grunn til at ikkje også denne delen av eit reisekurs skal kunne arrangerast "desentralisert", slik ein kan med andre kortkurs.

3.4.6 Dette punktet bør ikkje endrast no. Det bør sjåast i samanheng med innstillinga frå utvalet.

Grunngjeving:

Folkehøgskolen har hatt tradisjonar for å ta opp nokre elevar som har falle utanfor det tradisjonelle skolesystemet. I mange høve er dette "usikre" elevar. Gjennom den noverande ordninga har skolane vore sikra at ein har dekning for ressursar som har vore avsette til desse elevane, sjølv om dei har slutta innan dei tre første vekene av skoleåret. Framlegget vil kunne føre til at skolane "tek færre sjansar" ved opptak av elevar. Rådet trur utviklinga vil gå mot større variasjon i kurslengd og i kva tid på året kurs vil starte, også for lange kurs. Kva om eit kurs på 20 veker startar midt i oktober? Det kan bli både upraktisk og urimeleg å knytte fastsetjing av offisielt elevtal til faste datoar.

Dersom det er eit poeng å ha ein fast dato for å samordne rapporteringa frå skolane, kan ei alternativ formulering vere: "Som elev på kurs som varer 16 ½ veke eller lengre, vert rekna dei som har møtt fram før 1. oktober".

3.5.3 *Maksimalt 50 % av elevane på langkurs kan på grunnlag av 3.5 reknast som to elevar. Avgrensinga gjeld ikkje på kortkurs for funksjonshemma elevar.*

Grunngjeving:

Rådet er samd med departementet i at omsynet til integrering er viktig, men avgrensinga i dette punktet kan slå ut til ugunst for dei funksjonshemma. Somme kurs, særleg kortkurs, bør kunne vere slik at dei er eit tilbod som berre er retta mot funksjonshemma. Nokre skolar ønskjer, og har forsøkt, å arrangere kurs som har funksjonshemma som målgruppe, og der tilbodet er lagt spesielt til rette for desse (t.d. afatarar). Slike kurs krev ofte så mykje ressursar at dei ikkje er rekningsvarande for skolane om ikkje alle funksjonshemma deltakarar kan reknast dobbelt.

Folkehøgskolerådet meiner det bør leggst til rette for slike kurs ved at avgrensinga i dobbelttellinga av funksjonshemma elevar fell bort der eit kurs er serskild innretta mot funksjonshemma.

Med helsing for Folkehøgskolerådet

Leon Haugsbø/s/
leiar

Odd Arild Netland
sekretær